

Retningslinjer for fylkeskulturprisen i Vestland

Vedtatt i hovudutval for kultur, idrett og inkludering 16.09.2026

Føremål

Vestland fylkeskommune kan kvart år dele ut ein fylkeskulturpris.

Føremålet med prisen er å bidra til å bygge Vestland som ein leiande kulturregion og gje eit heidersteikn til ein person, eit lag eller organisasjon som i stor grad bidreg til dette.

Kulturprisen kan gjevast til personar, lag og organisasjonar som oppfyller eitt eller fleire av følgjande kriterium:

- har vore ein spydspiss i kunst- og kulturlivet i fylket, og bidrege til å syne fram Vestland som leiande kulturregion
- viser kulturinnsats utover det vanlege, og med tyding for heile eller ein større del av fylket
- viser kreativitet og evne til nyskaping og/eller har gjort ein særleg innsats i å ivareta og formidle kulturarven

Storleik på prisen

Prisen er på 50 000 kroner.

I tillegg til den vedtekne summen får kulturprismottakaren eit diplom eller anna høveleg teikn på kulturprisen.

Søknad/nominasjon

Med minst to månaders frist skal ålmenta ha høve til å nominere kandidatar til prisen. Nominasjonen gjeld for det året han vert meldt inn. Det er ikkje høve til å nominere seg sjølv til prisen. Alle nominasjonar skal vere grunngjevne.

Handsaming

Direktør for kultur og folkehelse vurderer dei innkomne kandidatane til fylkeskulturprisen opp mot føremålet og kriteria for prisen.

Administrasjonen skal peike på ein eller fleire kandidatar som etter ei fagleg vurdering er særleg aktuelle for prisen.

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering avgjer om prisen skal delast ut og kven som skal få han.

Utvalet er ikkje bunde av administrasjonen si vurdering og kan også velje ein kandidat som ikkje er nominert av ålmenta.

Alle kandidatar skal vurderast etter dei same kriteria og tildelinga skal grunngjevast.

Offentleggjing og utdeling

Jamfør offentleglova § 26 andre ledd vert berre den som får tildelt prisen, og grunngjevinga for tildelinga, offentleggjort.

Tildelinga av fylkeskulturprisen vert offentleggjort seinast når prisen vert delt ut.

Grunngjevinga frå hovudutvalet vert lagt fram av leiaren i hovudutvalet, medan fylkesordføraren står for sjølve utdeling.